



Lindås kommune  
Kvernhusmyrane 20  
5914 ISDALSTØ  
Att. Rådmannen

Saksbehandlar, innvalstelefon

Anne Eli Wangen, 5764 3165

## Invitasjon til dialogmøte om Leve hele livet

Fylkesmannen i Vestland i samarbeid med KS, USHT, fylkeseldreråda og Senter for omsorgsforskning inviterer kommunane Austrheim, Fedje, Lindås, Masfjorden, Meland, Modalen, Osterøy, Radøy og Gulen til dialogmøte om *Leve hele livet – en kvalitetsreform for eldre*.

**Tid:** Onsdag 22. mai 2019 kl. 10.00 – 15.00

**Stad:** Westland Hotel, Lindås

Vi skal gjennomføre tilsvarande dialogmøte med dei andre kommunane i Sogn og Fjordane og Hordaland. Sjå vedlagde møteplan.

**Målgruppe:** rådmenn, ordførarar, leiarar og tilsette som arbeider med kommunal planlegging, representant frå eldreråd, representantar som ivaretek innbyggjar-, brukar- og pårørande-perspektivet, kommunalsjefar og tilsette i helse- og omsorgstenestene, ansvarleg for frivilligsentral, og folkehelsekoordinator

**Tema:** *Leve hele livet* er ei samfunnsreform og ei kvalitetsreform for målgruppa eldre over 65 år.

Gjennom reforma ønskjer ein å skape eit meir aldersvenleg samfunn og finne nye løysingar på utfordringane knytt til:

- **Eit aldersvenleg Norge**- god planlegging og samfunnsutvikling
- **Aktivitet og fellesskap**- auka aktivitet, gode opplevingar og fellesskap
- **Mat og måltid**- redusere underernæring og skape gode mat- og måltidsopplevingar
- **Helsehjelp**- auke meistring og livskvalitet, førebyggje og gje rett helsehjelp til rett tid
- **Samanheng og overgangar i tenestene**- auka tryggleik og føreseielege pasientforløp

Reforma skal bidra til at:

- eldre får fleire gode leveår med god helse, kan meistre livet lenger og ha tryggleik for at dei får god helsehjelp når dei har behov for det
- pårørande ikkje vert utslitne og kan ha jamn innsats for sine næraste



- tilsette opplever at dei har eit godt arbeidsmiljø, at dei får brukt kompetansen sin og får gjort ein fagleg god jobb

**Føremålet med møtet** er dialog med kommunane om:

- føremålet med reforma og målsettingar for reformarbeidet
- status i kommunane, og kva kommunane har lukkast med/ er gode på innan reformas ulike innsatsområde
- kommunane sine ønskjer og eventuelle behov for støtte og rettleiing i arbeidet med å gjennomføre reforma

Vi ber om at kvar kommune førebur eit ti-minuttars innlegg til dialogmøtet der de med utgangspunkt i reformas fem innsatsområde presenterer kva de har lukkast med i dykkar kommune.

Det er fint om kommunens leiing i forkant av møtet drøftar eventuelle behov for hjelp/ støtte for å kunne gjennomføre reforma.

Vi ber om at kvar kommune peikar ut ein kontaktperson for oss innan **01. april 2019**.

Vedlagt følgjer utkast til program for dialogmøta. Vi vil sende meir informasjon og endeleg program til kontaktpersonen når programmet er ferdig utarbeidd.

Kommunen kan møte med så mange deltakarar de sjølve ønskjer. Fylkesmannen vil dekke dagpakke for inntil fire deltakarar frå kvar kommune. Kommunen må dekke utgifter til dagpakke for dei andre. Kommunen må også dekke reiseutgifter for alle som møter frå kommunen.

Vi ber om at kontaktpersonen gjev tilbakemelding om kven som møter frå kommunen innan **01. mai 2019**.

Kontaktpersonar hjå Fylkesmannen:

Anne Eli Wangen, [fmsfaew@fylkesmannen.no](mailto:fmsfaew@fylkesmannen.no)  
Beate Helland, [fmhobeh@fylkesmannen.no](mailto:fmhobeh@fylkesmannen.no)

Vel møtt.

Med helsing

Helga Arianson  
fylkeslege

Anne Eli Wangen  
seniorrådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent*

Vedlegg



**Mottakerliste:**

Lindås kommune	Kvernhusmyrane 20	5914	ISDALSTØ
Masfjorden kommune	Austfjordvegen 2724	5981	MASFJORDNES
Radøy kommune	Radøyvegen 1690	5936	MANGER
Austrheim kommune	Kommunehuset	5943	AUSTRHEIM
Gulen kommune	Eivindvikvegen 1119	5966	EIVINDVIK
Fedje kommune	Adm.bygg	5947	FEDJE
Osterøy kommune	Rådhuset	5282	LONEVÅG
Meland kommune	Postboks 79	5906	FREKHAUG
Modalen kommune	Postboks 44	5729	MODALEN